

# INNSAMLINGSPLAN FOR JÆRMUSEET

Gjeld perioden  
01.01.2017 til 31.12.2019



Vedteke av styret i Jærmuseet 15.12.2016, sak 29/16



JÆRMUSEET

## **Innhald**

<b>Innleiing .....</b>	<b>3</b>
<b>Samlingane i Jærmuseet .....</b>	<b>4</b>
<b>Samlingshistorikk .....</b>	<b>12</b>
<b>Dei viktigaste tema i samlinga.....</b>	<b>13</b>
Viktige tema i nasjonalt perspektiv .....	17
<b>Organisering av innsamlingsarbeidet.....</b>	<b>20</b>
Rutinar i innsamlingsarbeidet .....	20
Tilvekst frå lokal – og spesialsamlingar .....	20
<b>Prioriterte innsamlingsfelt og tiltak .....</b>	<b>21</b>
Fellestiltak .....	21
Vitengarden (VG) .....	22
Vitenfabrikken (VF).....	24
Tungenes fyr (TF).....	25
Garborgsenteret (GS).....	26
Flyhistorisk Museum Sola (FMS) og Rogaland krigshistorisk museum (RKM) .....	27
Museumsgardar med bygdesamlingar .....	28
Vistnestunet og Randaberg Bygdemuseum .....	28
Limagarden og Gjesdal bygdemuseum.....	28
Grødaland og Hå bygdemuseum .....	28
Haugabakka og Klepp bygdemuseum.....	29
Varden sjøredningsmuseum.....	29
Vedlegg 1 - Tilbod om gåver til Jærmuseet med kontaktskjema.....	29
Vedlegg 2 - Mottak av gåver til Jærmuseet .....	29

## Innleiing

Jærmuseet er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Klepp, Time, Hå, Gjesdal og Sandnes, med anlegg i alle kommunane. Det er også eitt av landets ti regionale vitensenter med ansvar for Rogaland.

Kombinasjonen av museum og vitensenter gir Jærmuseet særlege utfordringar og mulegheiter. Kjerneaktiviteten i eit **vitensenter** er populærvitskapleg formidling gjennom interaktive utstillingar og eksperiment, og den pedagogiske verksemda vil ha eit sterkare fokus i eit vitensenter enn i eit tradisjonelt museum.

Den historiske og regionale forankringa som **museum** gir ekstra styrke og fagleg tyngd til vitensenteravdelingane våre. Me driv dokumentasjon og innsamling av historie- og tradisjonskunnskap og brukar dette materialet til å formidla naturvitenskap og teknologi innafor ei historisk, kulturell og almenndannande ramme. Den **geografiske regionen** Jæren har i historisk perspektiv vore, og er framleis, i vekst både innafor fylket og nasjonalt. Det gir andre utfordringar og mulegheiter enn om me hadde vore museum i utkanten av fylket.

Jærmuseet sin innsamlingsplan er ein del av museet sitt planarbeid for å systematisera, samordna og kvalitetssikra verksemda. Planen vedkjem både tilsette, styret for museet, venneforeiningar, vertskommunar, sponsorar og andre eksterne samarbeidspartar.

Samlingane ligg til grunn for utstillingar, undervising for skuleklassar og andre pedagogisk tilrettelagde opplegg for barn og unge, lærarkurs, opne aktivitetsdagar og andre arrangement for publikum. Innsamlingsplanen bygger på museet sine mål uttrykt i vedtekter, strategidokument. I tillegg kjem overordna føringer som stortingsmeldingar og tilskotsbrev frå Kulturdepartementet, vitensenter-programmet, fylkeskulturplan for Rogaland, samordning av privatarkivarbeidet i Rogaland, overordna føringer for Kystverkmusea og relevante kommunale planar.

Jærmuseet sin gjeldande samlingsplan blei vedteken av styret i 2012. Denne planen er ei oppdatering og revisjon av innsamlingsdelen av den planen. Arbeidet med revisjonen har m.a. skjedd som del av arbeidet med Felles dokumentasjons- og innsamlingsplan 2017 – 2021 for regionmusea i Rogaland.

# Samlingane i Jærmuseet

## Samlingar i museum

Jærmuseet skal ha ei verksemd i tråd med nasjonale og internasjonale standardar for museum. I sine statuttar definerer ICOM (International Council of Museums, det internasjonale museumsforbundet) musea sine oppgåver. Her står det m.a.

*Ethvert museumsstyre skal vedta en skriftlig samlingsplan som offentliggjøres. Planen skal omhandle innsamling, bevaring og bruk av samlingene. ([ABM-skift # 29 \(2006\)](#): 13-14).*

I Jærmuseet vil dette bli dekka av fleire planar. Denne planen tar for seg innsamlinga, med vekt på prioriterte mål for perioden. I tillegg vil det koma bevaringsplan og ei revidering av plan for registrering og katalogisering.

## Jærmuseet sine føresetnadar og overordna mål

*Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie, dei tekniske utviklingslinene i norsk jordbruk og ta på seg andre nasjonale dokumentasjonsoppgåver på område der dette er naturleg.*

*Dette arbeidet skal skje gjennom innsamling, bevaring, forsking og formidling.*

Paragraf 3 i museet sine vedtekter

**Museet samlar for å forska og formidla samanhengar mellom natur- og kulturhistorie.**

Det gjer me gjennom å dokumentera:

- *gjenstanden i sin samanheng*
- *handlingsboren kunnskap*
- *endringar i teknologi og samfunn*

Museet vil legga serleg vekt på å supplera gjenstandssamlinga, dvs. den materielle kulturarven, med den immaterielle kulturarven.

## Dei enkelte samlingane

Jærmuseet, stifta 1985, er eit konsolidert museum for kommunane på Jæren: Randaberg,

Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå og regionalt vitensenter for heile Rogaland.

Jærmuseet eig museumssamlingar som dekker alle jærkommunane og bygningar med tilhøyrande tomteareal på Kvia og Audamotland i Hå. I tillegg har Jærmuseet driftsansvar for kommunale museumssamlingar og kulturhistoriske bygningar i Randaberg, Sandnes, Gjesdal, Klepp og Hå. Frå 1.1.2012 fekk museet ansvar for samlingane i dei to private stiftingane Flyhistorisk Museum Sola (FMS) og Rogaland Krigshistorisk Museum (RKM) i Sola, og i Time har museet også ansvar for Garborgheimen og Knudaheio frå 2012. Jærmuseet driftar Nasjonalt Garborgsenter (frå 2008) og Tungenes Fyr, ein del av Kystverkmusea, etatsmuseum for Kystverket (2008).

SAMLING	Gjenstandar	Foto i samlingar	Bygningar	Lyd- og film	Privat arkiv hm	Båtar
Jærmuseet	21 715	95 305	8	733	343	0
Sandnesmuseet	8 315	9 333	10	39	26	1
Jonas Øglænds bedriftsmuseum	2 000	18 000	1	50	(Statsarkivet)	0
Hå Bygdemuseum	7 200	100	12	26	noko	1
Klepp bygdemuseum	900		2			0
Gjesdal Bygdemuseum	4 000	740	14		1	1
Time kommune			2			
Tungenes fyr	35		7	10		
Randaberg bygdemuseum	1 000	4 000	3	0		5
FMS	990	1 000	3	6		0
RKM	1 200	6 100	1	25		0
<b>SUM</b>	<b>47 355</b>	<b>134 578</b>	<b>63</b>	<b>889</b>	<b>370</b>	<b>8</b>

## Forvaltning av samlingane

Pr.31.12.2015	Samlinga	I Primus	På Digitalt museum	Svært gode magasin	Tilfredstillande magasin
Gjenstandar	47 355	34 518	5 554	13 290	26 975
Foto	134 578	47 581	3 073	0	161 924
Bygningar	63	63	0		
Lyd- og film	1 000	919	2		1 000
Privatarkiv hm	370	0	0		370
Båtar (fartøy)	8			0	0

Jærmuseet er det yngste regionmuseet i Rogaland. Initiativet blei oppretta for å ha fokus på nyare landbruksminne, dvs. det mekaniserte landbruket. Det omfattar både matproduksjon og industrien knyta til det å dyrka jorda og foredling av landbruksprodukta på Jæren. Det pregar forskinga og kunnskapsutviklinga. Lokalmusea har samlingar som speglar det gamle bondesamfunnet, også knyta til sjøen. Dei sju museumsgardane gir eit tverrsnitt av jærske gardar: ved sjøen, på flate Jæren og på grensa mot heielandskapet. Tidspennet er frå 1600-talet til 1960.

Sandnesmuseet har i tillegg industrisamlingar, noko som Jærmuseet har vidareutvikla. Såleis er samlinga frå tegleverk og potteri supplert med samlinga frå Figgjo AS. Samlingane frå Jonas Øglænd AS dekker både konfeksjon, sykkel og handel.

Tungenes Fyr er ein av fem museum langs kysten som til saman utgjer etatsmuseet til Kystverket; Kystverkmusea. Tungenes Fyr dokumenterer los og nyare navigasjonshistorie. I sør har me Varden sjøredningsmuseum som dokumenterer ei anna side av kystkulturen på Jæren. Garborgsenteret brakte ein annan dimensjon til museet. Her er det litteratur og samfunnsdebatt som er fokus, med utgangspunkt i Arne og Hulda Garborg sine livsverk.

Med Sola Flyhistoriske museum og Rogaland Krigshistoriske Museum har Jærmuseet utvida tema til regional luftfartshistorie og militærhistorie og militære køyretøy.

### **Stiftinga JÆRMUSEET**

Stifting oppretta i 1985. Høyland Bygdemuseum var drivkrafta i å få oppretta eit felles landbruksmuseum på Jæren i samarbeid med bygdemusea. På 1970-talet dokumenterte dei fleste museumssamlingar, frå Norsk Folkemuseum til dei mange bygdemusea, i hovudsak det gamle, førindustrielle bondesamfunnet. Bygdemusea på Jæren var mellom dei første musea i landet som meir systematisk begynte å samla og dokumentera det mekaniserte og maskinelle landbruket. Dette blei grunngjeve i den sentrale posisjonen jordbruket på Jæren har hatt siste hundreåret. Dei fekk oppretta ein felles handverkarstilling som Høyland bygdemuseum administrerte. Tidleg på 1980-talet hadde ein tankar om at Jæren/Jærmuseet skulle ta eit nasjonalt dokumentasjonsansvar på det landbrukshistoriske området. I Museumsmeldinga (1999) blei Jæren nemnt som naturleg stad for nasjonal dokumentasjon av reiskapsproduksjonen knytt til jordbruket. I 1979 løvvde fylkeskommunen midlar til registrering og innsamling av "nyare" landbruksreiskapar. Midlane blei fordelt på regionmusea i Rogaland. Høyland bygdemuseum samordna arbeidet i bygdemusea på

Jæren. Her skjedde den mest intensive innsamlinga i fylket. I perioden 1980 – 1985 fekk bygdemusea på Jæren særskilde fylkeskommunale løyvingar til innsamling og istandsetting av tekniske landbruksminne med tanke på ein regional institusjon. 1984 vedtok årsmøtet i Høyland bygdemuseum å overføra heile si landbrukssamling til det planlagde regionmuseet. Då Jærmuseet blei oppretta i 1985 blei handverkstillinga lagt hit.

I 1986 tilsette museet sin første konservator som leiar av museet. Etterkvart blei innsamlingstemaet utvida, m.a. avdi museet arbeidde som fagkonsulent for lokalmusea. Utover 1990-talet blei samtidsdokumentasjon viktig, saman med innsamling av privatarkiv frå bedrifter, lag og enkeltpersonar. Landbruket og regional industri knyta til landbruket stod i fokus. I planane låg også ønskje om utprøving og demonstrasjonar av eldre driftsmåtar i jordbruket. Det blei realisert gjennom aktivitetsdagar som er dokumentert med foto og video.

*Samlingane inneheld pr. 2015: 9 bygningar, 21 715 gjenstandar, 124 359 fotografi i samlingar, 100 000 eigne fotoopptak, 383 lydopptak, 350 film/video, 421 hm arkiv (museets arkiv + privatarkiv).*

## SANDNES

### **Høyland bygdemuseum / Sandnesmuseet (1931 – 2001)**

Kommunestyret i **Høyland (Sandnes)** tok i 1931 initiativ til det første museet på Jæren: Høyland Bygdemuseum. Museet skulle visa korleis folket i bygda arbeidde og levde i gamal tid. Fram til 1970 var det samla over 1800 gjenstandar. Høyland Sparebank støtta i denne perioden museet med pengar til innkjøp av gjenstandar. I 1965 flytta samlinga til Thrangarden på Austrått. Våningshuset blei innreidd med møblar og innbu som på 1800-talet. Løa på Austrått hadde rom for spesialutstillingar. Utover 1970-talet blei det difor starta ei aktiv innsamling på tema som teglverk og potteri og ulike handverk. Samtidig starta ein å vernevøla bygningar «på rot» rundt i Sandnes: fleire kvernhus, eit trøskjehjulhus, ein snekkerverkstad med innbu.

I 1987 skifta Høyland bygdemuseum namn til Sandnesmuseet for å markera at det også var museet for byen Sandnes. Frå denne tid og gjennom 1990-talet dreiv museet ei aktiv innsamling av materiale frå m.a. industrien: Sandnes Aduserverk, Polaris, Sandnes skofabrikk, møller m.m.

*Samlingane inneheld 8 bygningar, 8 000 gjenstandar, 9 333 fotografi, 39 lydopptak, 26 hm arkiv, 1 båt.*

### **Jonas Øglænds bedriftsmuseum (1982 – 2001)**

Firmaet Jonas Øglænd starta som ei krambu i Sandnes i 1868. Bedriftsmuseet blei påbegynt på 1960-talet og opna i 1982. Då var det samla materiale som dokumenterte krambutida, sykkelfabrikken og i mindre grad konfeksjonsfabrikken. Bedriftsarkivet er i Statsarkivet, men fotosamlinga, katalogar og reklamemateriell er i bedriftsmuseet. Innsamling til museet heldt fram like til 2001.

*Samlingane inneheld 1 bygning, 2 000 gjenstandar, 18 000 fotografi, omlag 50 lyd- og filmopptak, samling av trykt materiale.*

### **Krossens Havremølle museum (1996 – 2001)**

Mølla blei etablert i 1912 og var i drift til 1988. Hausten 1987 fekk Sandnesmuseet tilbod om å overta produksjonsutstyret. Mølla skulle seljast til bustadtomt. Jærmuseet dokumenterte produksjonen og arbeidsmiljøet før drifta stoppa. Sandnesmuseet arbeidde for å få mølla freda, noko som resulterte i at kommunen kjøpte mølla og dreiv ho som eit møllemuseum fram til konsolideringa i 2002. I dag er møllebygningen og det eldste av dei to bustadhusa knyta til mølla, del av Jærmuseet. Alt mølleutstyr er bevart.

*Samlingane inneheld 2 bygningar, 3 00 gjenstandar, litt foto, lyd- og filmopptak, bedriftsarkiv.*

Kommunane Sandnes og Hå var dei første som la museumsdrifta si inn i Jærmuseet. Før det skjedde hadde dei tre lokale musea i Sandnes slått seg saman til eit kommunalt museum. Desse museumssamlingane er såleis i kommunal eige i dag, med Jærmuseet som forvaltar.

## **HÅ**

I Nærø starta bygdemuseumsarbeidet sist i 1940-åra. Ønskjet var å kjøpa bruksnummer 1, «Gamletunet» på Grødalstrand, men det blei for dyrt for kommunen åleine. På denne tid var det etablert eit bygdemuseum for heile fylket; Rogaland Folkemuseum. Kommunen bidrog til at dette museet kjøpte anlegget. Det blei opna i 1952. **Nærø Bygdemuseum** samla vidare.

I 1954 flytta dei samlinga på omlag 1000 gjenstandar til Grødalands og **Rogaland Folkemuseum**. I 1960 kjøpte Rogaland Folkemuseum også bruksnummer 2 på Grødalands.

I Varhaug starta innsamlinga til deira bygdemuseum i 1955, og fra 1961 blei samlinga utstilt i kjellaren på det nye rådhuset på Varhaug. Innsamlinga fortsette, då med landbruksreiskap som fekk plass i ei løe på Vigrestad.

Etter kommunesamanslåinga i 1965 blei **Varhaug Bygdemuseum til Hå Bygdemuseum**, og kulturminnenemnda fekk med folk frå Nærbø og Ogna.

I 1977 opna Sjøredningsmuseet i Varden, eit spesialbygd utstillingslokale for redningsbåten Trygg og utstyr frå dei fem redningsstasjonane på Jæren.

I 1981 blei deler av Rogaland Folkemuseum til Ryfylkemuseet og husa i Hå vart ført over til Hå kommune i 1983 som del av Hå Bygdemuseum: Grødalastuna, smia på Motland, to kvernhus på Nord-Varhaug. Frå same tid fekk bygdemuseet noko løna personale.

Registrering av samlingane var begynt med hjelp av etnologistudentar på 1970-talet. Nå blei dette arbeidet fortsatt med eige personale. Innsamlinga fortsette like fram til Hå bygdemuseum blei konsolidert med Jærmuseet i 2002.

*Samlingane innehold 11 bygningar, 7 200 gjenstandar, 100 foto, 26 lydpp tak, litt privatarkiv.*

## TIME

Arne Garborg (1851 – 1924) sin barndomsheim, Garborgheimen blei overtaken av Time kommune i 1951. Hulda Garborg (1862 – 1934) gav sommarstova hans, Knudaheio til kommunen då Arne døydde.

Då Garborgsenteret opna i 2012 overtok Jærmuseet forvaltninga av Garborgheimen og Knudaheio

Time bygdemuseum er pr. 2016 eit kommunalt museum som ikkje blir forvalta av Jærmuseet. Kommunen eig også Fotland kraftstasjon og husmannsplassen Træet på Line. Jærmuseet har sidan 1992 rettleia og lagt til rette for registrering av samlingane i bygdemuseet. Desse inneholder omlag 3000 gjenstandar. 2650 av desse er registrerte i ein Cardbox-database i Jærmuseet. Det blei også bygd opp ei samling av tekniske gjenstandar. Kommunen avhenda store delar av denne i 2003. Då overtok stiftinga Jærmuseet 224 gjenstandar.

## **KLEPP**

I Klepp starta innsamlinga av jordbruksreiskap og andre gjenstandar på slutten av 1920-talet.

På 1930-talet blei dette arbeidet ein del av arbeidet med å laga eit museum for heile fylke.

Rogaland folkemuseum vart stifta i 1936. Gjenstandane i Klepp blei dels stilt ut på Jæren Folkehøgskule, dels sett på lager. Først i 1954 blei Klepp bygdemuseum opna med utstillingar i det gamle skulehuset på Haugabakka. Det ser ikkje ut til å ha vore innsamling etter denne tid. Register over samlinga har KB884 som høgaste nummer. På 1970-talet engasjerte kommunen etnologistudentar til å registrera samlingane.

I 1986 kjøpte kommunen eit folgehus bygd 1906 på Stangeland i Klepp. Det blei flytta til Haugabakka og blir nytta som del av bygdemuseet.

*Samlingane inneheld 2 bygningar og omlag 900 gjenstandar.*

## **GJESDAL**

I Gjesdal overtok kommunen eit privat gardsmuseum samla av Torger A. Ravndal. Ein katalog over samlinga laga i 1962 har 990 gjenstandar. Dette er grunnstammen i Gjesdal bygdemuseum. I 1985 blei garden til tre søsknen på Ytre Lima del av bygdemuseet, med innbu, personlege ting, utstyr og reiskap, til saman 2500 gjenstandar og 11 bygningar. Fram til 2004 blei det samla inn ytterlegare 300 nummer frå ulike gjevare. Heile samlinga er knyta til Gjesdal kommune.

DFU-samling: Gjesdal kommune har deponert ei samling av badedrakter og anna sportstøy produsert på DFU-Figgjo. Det er tale om 700 gjenstandar, foto og reklamemateriell.

*Bygdemuseet si samling inneheld 14 bygningar, 4 000 gjenstandar, 740 fotografi, gardsarkiv.*

## **RANDABERG**

**Randaberg** bygdemuseum har eksistert som ei privat samling sidan 1953. Tønnes Rygg samla reiskap, innbu og bruksgjenstandar. Han laga også bygdefilmar for å formidla «det gamle Randaberg» saman med Karthon Håland. Frå 1975 overtok kommunen samlinga. Frå 1980-talet og framover blei det samla nyare landbruksutstyr. På denne tid samla ein også utstyr og båtar knyta til fiskarbonden. I 1976 fekk Randaberg Bygdemuseum eit bruk på garden

Vistnes med heimehus, løe og eldhus. Bygningane er frå 1870-åra og var i bruk til 1970-talet. Dei neste åra blei bygningane restaurerte og delvis ført tilbake til meir opphavleg utsjånad. Jærmuseet overtok forvaltninga av samlingane i 2009.

*Samlingane inneheld 3 bygningar, 1000 gjenstandar, 4000 fotografi, 7 båtar.*

### **Tungenes Fyr**

Det første fyrlyset blei tend på Tungenes i 1828. Frå 1862 til 1984 var det eit offentleg fyr her. Ei fyrlykt på skjeret Bragen erstatta fyrlyset. Bygningane blei raskt tatt i bruk til kulturføremål. Målaren Oscar Sørreime ga 35 av måleria sine til kommunen og ei utstilling av desse opna på fyret i 1989. Kommunen utvida fyrområdet til å omfatta Tungevågen. I 1990 opna ei sjøbruksutstilling som Jærmuseet hadde utvikla i eit tidlegare hønsehus her. I same huset fekk ei motorgruppa plass til å stilla ut båtmotorane i bygdesamlinga. Kommunen kjøpte fyret i 1994. Fyrbygningen blei restaurert og innvendig ført tilbake til 1930-åra. Frå same tid var kommunen, saman med Jærmuseet, i forhandlingar om eit nasjonalt fymuseum. Det enda i 2008 i etableringa av den nasjonale institusjonen Kystverkmusa, med avdelingane Dalsfjord fymuseum, Lofotmuseet, Lindesnes fymuseum og Tungenes Fyr. Frå same tid inngjekk Randaberg kommune ein konsideringsavtale Jærmuseet om å drifta Tungenes Fyr. Sidan 2009 har museet hatt avd.leiar/historikar knyta til Tungenes Fyr. Han driv dokumentasjon og forsking knyta til losing og nyare navigasjonshistoria.

*Samlingane inneheld 6 bygningar, gjenstandane er del av bygdesamlinga, 10 lydopptak.*

### **SOLA**

**Flyhistorisk Museum Sola (FMS)** har hovudbasen sin i sjøflyhamna i Sola. Museet blei stifta i 1984 og kunne opna utstilling i hangar 1 på Sola Sjø i 1987. Museet er bygd opp og drive av frivillige som ein medlemsforening med møter og aktivitetar.

I Rogaland har fylkeskommunen lagt opp til at regionmusea skal ha hovudsvar for musea i sin region. Sidan 1997 har Jærmuseet difor hatt eit samarbeid med FMS gjennom ein konservatorstilling knyta til Jærmuseet. Frå 2012 er FMS konsolidert med Jærmuseet. Stiftinga FMS er nå eigarstifting, medan Venneforeninga FMS organiserer medlemsaktivitet og står for restaureringsarbeid.

*Samlingane inneheld 3 bygningar, 990 gjenstandar (46 fly), 1000 fotografi, 6 lydopptak.  
(anslag)*

**Rogaland Krigshistorisk Museum** har sin bakgrunn i at Tananger Motorklubb skaffa seg eit fransk beltekøyretøy. Ei lita gruppe i klubben blei så interesserte at dei laga museum i 1985. I 1990 var museumsarbeidet kome så langt at dei hadde utstilling i Kongeparken. Same året blei museet godkjent som privat stifting. I 1994 fekk dei invitasjon til å delta i Sola kommune si markering av 50 års-jubileet for frigjeringa i Norge. I samband med dette stilte Rogaland regiment tre brakker i Soma leir til disposisjon. Her held RMK fortsatt til. I dag disponerer dei seks bygningar i dette området. Sola kommune eig området og bygningane. I tillegg til gjenstandane i dei faste utstillingane har dei ei stor samling militære køyretøy og utstyr. Frå 2012 er RKM konsolidert med Jærmuseet. Stiftinga RKM er nå eigarstifting, medan Venneforeninga RKM organiserer medlemsaktivitet og står for restaureringsarbeid.

*Samlingane inneholder 1200 gjenstandar (70 køyretøy), 1 bygning, 6100 fotografi, 25 lyd/video opptak. (anslag)*

## Samlingshistorikk

Samlingane Jærmuseet forvaltar er innkome i perioden 1930 – 2016.

Jærmuseet driv fortsatt innsamling. Men etterkvert som Jærmuseet har overteke forvaltninga for dei konsoliderte musea, tar museet ikkje lenger inn objekt til desse samlingane. Det betyr at innsamling til andre samlingar enn Jærmuseet slutta i perioden 2002 – 2006. Unnataket frå dette er FMS og RKM. Dette er private stiftingar som eig sine samlingar. Her skal all ny tilvekst godkjennast av Jærmuseet, men objekta tilfell stiftingane. Gjevaren kan eventuelt gje objekta til Jærmuseet.

At innsamlinga er avslutta i dei kommunale museumssamlingane inneber ikkje at innsamling til dei tema som desse samlingane dekker, er avslutta. Innsamlinga føregår på dei tema som museet prioriterer i gjeldande Innsamlingsplan.

Samlingane har i all hovudsak opphavet sitt i kommunane på Jæren. Det betyr at dei anten er produsert eller har vore i bruk her. Traktorsamlinga har heile landet som proveniens. Målet med denne har vore å dokumentera traktorar i bruk på nasjonalt plan.

## Dei viktigaste tema i samlinga

### LANDBRUK – samlingar med vekt på tidleg mekanisert jordbruk

Jærmuseet forvaltar sju gardsbruk på rot. Det er bustad og driftsbygningar med større eller mindre del av innmark og utmark i museumsvern: Fire bruk i Hå (Grødalstrand (to), Kvia, Audamotland), eitt i kvar av kommunane Gjesdal, Sandnes og Randaberg. På fire av desse gardsbruka er inn- og utmark verna på ein slik måte at museet reknar kulturlandskapet som del av samlingane. Gardane har varierte ressursar frå kystnært til låghei. Sosialt er dei fleste i mellomsjiktet. Eit gardshus er meir påkosta. Byggeår er frå 1715 til 1950.

Gardsbruka har vore i drift. Folk har budd på gardane fram til omlag 1950 – 1980. Desse gardane har alle kome i museumsvern avdi dei var prega av mindre fornying enn andre gardar i bygdene. Både bustad og driftsbygningar på ein gard vil bli modernisert, påbygd og endra over tid, for å samsvara med levemåte og drift på garden. Difor finn ein spor etter ulike driftsmåtar og levesett i bygningane. Det gjeld også desse gardane. Alle gardsbruka blei tilpassa hestemekaniseringa, dvs. tidleg mekanisert landbruk. Ingen av bygningane er prega av dagens mekaniserte landbruk, men ein del av innmarka har blitt/blir nytta i moderne gardsdrift. Bygningane er restaurerte etter dei kom under museumsvern. Det betyr at dei ikkje lenger framtrer slik dei siste bebuarane forlét dei. Gardsbruka er utstyrt med innbu og gardsutstyr frå ulike tidsperiodar; 1850 - 1960. Museet har i tillegg gjenstandar som kan nyttast til demonstrasjon og bruk, og intervju med folk som fortel om liv og driftsmåtar.

### Hestemekanisert landbruk – fram til 1950/60

Jærmuseet har store samlingar av hestereiskap, frå sist på 1800-talet og fram til omlag 1965. Høyland bygdemuseum var med på innsamlinga av Nyare landbruksminne i 1980, ei samling som Jærmuseet har overteke, saman med tidsvarande materiale frå dei andre bygdemusea på Jæren. Museet si traktorsamling høyrer også inn i den tidlege mekaniseringa. Det meste av landbruksreiskap og traktorar er av same type som har vore brukt over heile landet. Museet har dokumentert mattradisjonar, dyrking av jærert, halmluting, svinehald og bygging av steingardar på Jæren. Det er gjort gjennom intervju, foto og film.

### Maskin jordbruk etter 1960

I 1964 var det like mange arbeidshestar og som traktorar på norske gardsbruk. Fram til denne tid blei mykje hestereiskap tilpassa traktoren, sjølv om det også var blitt laga ny

traktortilpassa reiskap. Men etter denne tid har drifta i jordbruket endra seg mykje. Både driftsbygningar, reiskap og utstyr har blitt tilpassa yrkesbonden på store gardar.

Dette er gjenstandar som Jærmuseet har begynt å få i samlingane, men som me ikkje dekker godt pr. dato. Me har gjort ein del for å dokumentera endringane og samtida. Prosjekt som «Bonde eller kone» om kvinnerolla i landbruket på Jæren i 1946 og 1996; «Plast i jordbruket» om tida 1950 – 1975; «Mjølk eller gulrot» - ein jærsk gard i år 2000, potetål 2008 mfl.

Gjennom samtidsdokumentasjon har museet samlingar på tema som **veksthus** og den jærske utnyttinga av utmarka og fjellbeite. Prosjektet om driftesmalen i Sør Rogaland 1830 – 1994, er blitt følgt opp med samtidsdokumentasjon i 2015- 2016.

## HANDVERK – SMÅINDUSTRI – INDUSTRI

Næringslivet på Jæren har vore og er eit prioritert samlingsfelt i Jærmuseet. Det er begrunna i den sterke stillinga industrien har hatt i regionen. Sandnes var på frå slutten av 1800-talet og det neste hundreåret ein allsidig handverks- og industriby. Utover Jæren var det ei mengd bygdesmier og meierier som utvikla seg til fabrikkar knyta til landbruket. Jærmuseet har samlingar knyta til ulike handverk som seinare gjekk vidare til industriproduksjon i større eller mindre skala. Slik blir desse samlingane viktige for å sjå utviklinga. Jæren har hatt den største produksjonen av landbruksreiskap i Norge og har fortsatt slik produksjon.

## Landbruksreiskap

Jærmuseet har både bygningar, arkiv, produkt og annan dokumentasjon av dette feltet, alt frå handverksarkiv til bedriftsarkiv frå den største bedrifta, Kverneland ASA. Eldste minne om produksjon av landsbruksreiskap er tre utstyrte smier i Gjesdal og Hå. Gjesdal Ijåfabrikk med utstyr var i drift 1912 – 1936.

Gjenstandsamlinga omfattar produkt frå store og små produsentar, og arkiv frå forhandlarar av reiskap og utstyr til landbruket. I prosjektet «Teknologisk endring og produktutvikling» (1995) blei arbeidsprosessar, arbeidsorganisering og arbeidsmiljø dokumentert slik det var i første del av 1900-talet i fleire av reiskapsfabrikkane. Historia og produksjonen av rundballepakkaren i Kverneland – Nærø/Underhaugs fabrikk blei dokumentert på film (2004). Dette er ei historie frå 1986 til 2004.

**Robot** Jærmuseet har ei større samling industrirobotar som dokumenterer den tidlegaste utviklinga frå 1960-t, både i Trallfa, Øglænd og TESA-roboten.

**Næringsmiddel** Jærmuseet forvaltar seks kvernhus og utstyr i ulike kulturlandskap på Jæren. Mølla på Fotland er verna, men ikkje under Jærmuseet. Krossens havremølle, Sandnes består av møllebygning med alt utstyr, bustadhus med to leiligheter og bedriftsarkivet.

Produksjonen blei videofilma før nedlegging i 1988.

Museet har viktig arkivmateriale frå meierihistoria, litt gjenstandar og fotosamling frå Jæren meieriskule.

**Tekstil** Klede- og skoproduksjon i heimen er dokumentert i samlingane. Frå 1900-talet har museet samlingar knyta til «spødakåner», sydamer og skomakar. Trebånnproduksjon blei dokumentert med film og gjenstandsmateriale. Utstyr, maskin og sko frå Sandnes Skofabrikk blei tatt inn i samlinga, begge deler på 1990-talet. I prosjektet «Strikkemaskiner» (2016) blei tre av museets strikkemaskiner brukt til å rekonstruera og dokumentera dei produkta «spødakånene» bygde sin heimeindustri på.

Museet har prioritert innsamling frå tekstilindustrien: Arkivmateriale frå tidleg tekstilindustri i Gjesdal og Sandnes. Maskinar, utstyr og produkt frå Smedstad strømpefabrikk (1935 – 1985) og Hana Småindustri og strikkevarefabrikk (1950-60t) representerer småindustrien. Dei større ullvarefabrikkane på Jæren er dokumentert gjennom film/foto, noko produkt og arkiv. Jonas Øglænds konfeksjonsfabrikk er også representert i samlingane.

#### **Jonas Øglænd AS – handel / sykkel / konfeksjon**

Jonas Øglænds Bedriftsmuseum har ei stor samling av trøsyklar og motorsyklar – mopedar. Konfeksjonsfabrikken og handelen er ikkje like godt representert i gjenstandsamlinga. Men foto-, katalog- og reklamemateriell dokumenterer alle delar av firmaet som har historie i Sandnes frå 1868 til 2000. Lokala til Vitenfabrikken i Solaveien 10, blei bygd som del av sykkelfabrikken i 1942. Her var det produksjon til 1972.

**Leirvare frå potteri til porselen** Sandnesmuseet prioriterte innsamling frå teglverk, potteri og nyare keramikk. Dei intervjuja tilsette i potteria og hadde eiga utstilling på temaet frå 1991. Jærmuseet har vidareutvikla dette og skreiv i 2012 avtale med Figgjo AS om å overta deira samling av Figgjo og Stavangerflint produkt, samt arkiv og fotosamlingar. Museet prioriterer dokumentasjon og laga i 2013 filmen «Pisa og felt».

Til ein viss grad har museet også materiale frå betongindustrien. Den representerer ei vidareføring av teglindustrien.

## Trevare

Møbel- og ferdighusindustrien har lenge stått på lista over viktige tema. Museet har utstyr og maskinar frå småskala møbelproduksjon. I 2016 -2017 pågår innsamling og dokumentasjon av møbelproduksjonen i og rundt Sandnes. Pr. i dag er ikkje samlingane på denne feltet særleg store.

## BYGG- OG ANLEGG

Med det mekaniserte og etterkvart meir maskinelle jordbruket oppstod ein ny næringsveg: entreprenørar med gravemaskin eller traktor som utførde arbeid for bønder og andre. Jærmuseet har tre tidlege gravemaskinane, eit lite bedriftsarkiv og teikningsarkiv.

## KYSTKULTUR: Navigasjon og sjøredningsteneste

Navigasjon og redning knyta til ferdsel på sjøen er eit tema som blir dekka av Jærmuseet når me ser alle samlingane under eitt. Det er historie med nasjonale dimensjonar. Samlingane dokumenterer sjøredningsstasjonane langs jærkysten, tida 1854 – 1950-t. FMS har planar om å skaffa eit helikopter frå redningstenesta. Tungenes fyr er eit av fyra langs jærkysten, og i tillegg del av det nasjonale Kystverkmuseet. På Tungenes er alle fyrbygningane bevarte. Sjølve fyret er innreidd med bustad frå 1930-talet. Losane og trafikksentralane er prioritert tema for dokumentasjon og forsking. Desse er dokumentert gjennom arkiv, intervju, gjenstandar og foto.

## LUFTFART i sivilsamfunnet, krig og forsvar

Gjennom samlingane til RKM og FMS har museet sentrale samlingar knyta til forsvaret i det sørvestlege Norge. Med etableringa av Norges første landflyplass i 1937 blei området svært viktig militært. Den tyske utvidinga av flyplassen legget førte til at området gjekk inn i den kalde krig som eit av dei viktigaste forsvarspunktene i Norge. Flyhangaren, 720-brakke og torpedoverkstaden i Sømmevågen er sentrale, saman med splinthangaren ved Løwenstrasse. Samlingane er knyta til militær og sivil luftfart og militære køyretøy og kanonar. Museet har laga utkast til samlingsplan for FMS og er i gang med arbeidet for RKM. Målet er å få større fokus i innsamling og dokumentasjon.

## **LITTERATUR OG SAMFUNNSDEBATT - Arne og Hulda Garborg:**

Då Garborgsenteret blei konsolidert med Jærmuseet i 2012, overførte Time kommune forvaltinga av barndomsheimen og sommarbustaden til Arne Garborg også til Jærmuseet. Museet sine samlingar frå kvardagslivet og landbruket på Jæren i levetida til Garborg 1851 – 1924 er også viktige i denne samanhanga.

## **Viktige tema i nasjonalt perspektiv**

Dei tema som er løfta fram som museet sine viktige samlingar er alle sentrale tema i regionen. Nokre samlingar har også nasjonal interesse, noko me grunngjev her.

### **LANDBRUK**

Jæren utvikla seg på 1900-talet til å bli eit av dei viktigaste landbruksområda i Norge. Det er ein posisjon regionen fortsatt har. Etter 1970 er bonden gradvis blitt ein spesialisert fagmann, gardane er færre og større, utstyret meir maskinelt.

Dei sju gardsbruka viser eit godt tverrsnitt av bondesamfunnet på Jæren fram til 1960-talet. Saman med husmannsplassen som Time kommune eig, utgjer desse gardstuna ein unik dokumentasjon av levekår på Jæren. Ingen av bygningane er flytta og viser derfor, i ulik grad, det kulturlandskapet som er del av garden.

Samlingane av traktorar og mekanisert landbruksutstyr er representativ for norsk landbruk på 1900-talet fram til 1960-talet. Etter den tid er samlinga sparsam.

Gjennom 1900 talet blei Rogaland, med Jæren i fokus, sjølve husdyrfylket i landet. Kylling og gris er to produksjonar som tidleg blei spesialisert. Det gjenspeglar seg i samlingane vår.

Utnyttinga av torv som ressurs til brensel og jordforbedring er knyta til Norskekysten, rundt Nordsjøen og vidare. Her har Jærmuseet ei viktig samling.

### **LANDBRUKRELATERTE INDUSTRI**

Jæren var også den store plogsmia der storparten av norsk landbruksreiskap blei utvikla og produsert. Det begynte med J.A. Budde på 1850-talet, Raugstad, Kverneland, Kyllingstad var

alle etablerte før 1900. Gjennom heile 1900-talet auka produksjonen, kombinert med utvikling av nye produkt og nye marknader. Mykje av dette er godt dokumentert i Jærmuseet sine samlingar.

**Næringsmiddelindustrien:** 75% av norske havregryn blei produsert i og rundt Sandnes på 1930-talet. Krossens havremølle representerer viktig småskala matproduksjon på 1900-talet, også nasjonalt. Meieri har det vore over heile landet, men frå slutten av 1990-talet er få og store meieri. Det største i landet er på Jæren, nabo med museet.

**Tekstilindustrien** Jæren og Dalane produserte strikkevarer og vevde varer for sal utover eigen marknad frå 1700-talet. Den første ullvarefabrikken i regionen kom i 1870. Gjennom 1900-talet var det eit uttal av spinnerier, veverier og trikotasjefabrikkar. Dei produserte garn, stoff, sokkar, kufter, badedrakter og sportstøy. I dag er tekstilindustrien liten, både nasjonalt og lokalt. Men Sandnes har framleis ein garnprodusent som er stor både nasjonalt og i Norden.

#### **JONAS ØGLÆND AS – handel / sykkel / konfeksjon**

Jonas Øglænd opna krambu i Sandnes i 1868. Han utvida snart handelen og firmaet opna sykkelfabrikk i 1906 og konfeksjonsfabrikk i 1926. Sandnes byhistorie omtalar 1950-60-talet som Ø-byen. Bedrifta var den dominerande i ein by med eit mangfoldig næringsliv. Museet forvaltar her ei samling av nasjonal verdi.

#### **LEIRVARE**

Sandnes fekk det første teglverket på Vestlandet i 1783. I meir enn to hundre år var det teglverk her. Då siste teglverk blei nedlagt i 1994 var det bare eitt til i landet. Potteria har like lang historie i Sandnes. Det utvikla seg frå sist på 1800-talet til å bli nærrast industriell framstilling, ei utvikling ein ikkje finn andre stader i landet, og som difor har nasjonal interesse. Frå 1920-åra utvikla potteria finare keramisk produksjon i tillegg til tradisjonelle potteriprodukt. Etter 1945 blei Figgjo fajanse og Stavangerflint to viktige industribedrifter med mange hundre tilsette. I dag er Figgjo AS einaste porseleensbedrifta i Norge som har mest all produksjon lokalt. Jærmuseet har betydelege samlingar som dokumenterer denne utviklinga.

## KYSTKULTUR

**Navigasjon og sjøredningsteneste.** Havet utanfor Rogalandskysten kan vera ein farleg farveg. Fyra utgjorde saman med lostenesta, sjømerka og hamner ein maritim infrastruktur som var ein føresetnad for påliteleg sjøtrafikkavvikling døgnet rundt. Parallelt med fyrutbygginga på 1800-talet blei det sett opp redningstasjonar på Jæren. Forlisa blei færre. Sjøen er framleis livsåra i Rogaland og på Jæren. "Olja" er ute på havet og Kårstø er Europa sin største utskipingshamn for gass. Ferdsla sikrast med moderne teknologi på Hovudredningssentralen i Sola og sjøtrafikksentralen på Kvitsøy. Stabil og sikker farlei på havet er ein av føresetnadane for handel og kommunikasjon i denne regionen.

## LUFTFART i sivilsamfunnet, krig og forsvar

Sola fekk den første sivile flyplassen i Norge i 1937. Då tyskarane invaderte Norge 9.april var angrepet på Sola høgt prioritet. Her fekk me også verdas første dropp av fallskjermssoldatar på ei slagmark. Etter krigen blei Sola ein sentral flyplass både militært og sivilt. Samtidig bygde NATO sin base på Jåtta, noko som understrekar den strategiske plassen regionen har i ein større samanheng.

**LITTERATUR OG SAMFUNNSDEBATT** - Arne (1851 – 1924) og Hulda ( 1862-1934) Garborg: Arne Garborg var ein av dei store forfattarane i Norge i si samtid. Mange av verka hans lever framleis. Hulda Garborg var forfattar, men også blant dei fremste pådrivarane for den nasjonale norske kulturreising rundt 1900, innan teater, dans, bunader. Saman var ekteparet viktige samfunnsdebattantar. Garborgheimen og Knudaheio blei tekne vare på og har gjennom alle år vore formidlingsanlegg for Garborg sin litteratur. Livskrafta i arbeidet til kunstnarparet ser ein også arbeidet for å etablera og utvikla Garborgsenteret.

## Organisering av innsamlingsarbeidet

Samlingsforvaltning er organisert som ei felleseneste i Jærmuseet. Slik har det vore sidan museet fekk ulike avdelingar i 2002. Frå 2014 er samlingsarbeidet lagt til avdelinga *Levande historie*. Det daglege arbeidet innan samlingsforvaltninga ligg dels på denne avdelinga, dels på tilsette på andre avdelingar.

### Rutinar i innsamlingsarbeidet

Jærmuseet får jamleg tilbod om objekt til samlingane våre. Det er ei passiv innsamlinga. Museet skal ikkje ta imot objekt utan ei vurdering opp mot gjeldande innsamlingsplan. Sjefskonservatorhar skal ha siste ord i denne vurderinga. Det er også ho som tar imot allmenne tilbod til vurdering. Det er laga rutine og orienteringsskriv for dei som møter publikum. Museet sin arkivar er sakshandsamar for privatarkiv og fotosamlingar, og leiarane av spesialmusea handsamar tilboda innafor sine felt. Meir allmenne tilbod blir vurdert av samlingsgruppa i vad. Levande historie, pr. e-post eller i møte. Det er avtaleskjema for mottak av gåver til samlingane (gjenstandar og arkiv). Sjå vedlegg 1 og 2.

Tiltaka i planperioden tar utgangspunkt i pågåande arbeid med utstillingar, registrering /katalogisering og forvaltning av det som alt er samla. Museet driv aktiv innsamling og dokumentasjon som del av desse prosjekta. Vurdering av kva objekt museet skal ta inn i samlinga blir gjort etter same rutinar som ved passiv innsamling. All innsamling blir også vurdert opp mot tilgang på høvelege magasin.

### Tilvekst frå lokal – og spesialsamlingar

I det siste tiåret har museet fått ansvar for fleire andre museum, med til dels store samlingar. Jærmuseet har samarbeidd med dei fleste av dei kommunale lokalmusea gjennom fleire år før me fekk ansvar for forvaltninga. Ikke minst dreiv me rettleiing i arbeidet med å registrera og katalogisera fleire av gjenstandssamlingane, noko som betyr at registreringsarbeidet med desse samlingane var kome langt før me overtok ansvaret. Men med bygging av nye og betre museumsmagasin og bruk av betre registreringsverktøy har museet dei siste åra kunna foreta revisjon av samlingane, samtidig som me driv nyregistrering av samlingane der det ikkje fantes digitale registreringar frå før.

Frå 2014 har me fått hjelp av Samlingsteam Rogaland, i tillegg til å prioritera eigne ressursar. Det arbeidet vil halda fram dei neste åra.

Oversikta over desse samlingane er viktig når me skal vurdera tilbod om nye objekt til samlinga vår. Den er også naudsynt når me skal vurdera avhending i samlingane.

## Prioriterte innsamlingsfelt og tiltak

### Overordna mål for innsamlingsplanen

1. Ha ein samordna plan for innsamlingstema som dekker dei ulike avdelingane i museet
2. Planen skal gjera klart kva tema som er aktuelle på avdelingane
3. Jærmuseet legg vekt på vitensenterformidling og dette skal ein ta omsyn til i samlingsplanen
4. Innsamlingsplanen skal innehalda vurdering av avhending innan dei enkelte tema
5. Planen skal vera Jærmuseet sitt innspel til Rogaland fylke sin samlingsplan for regionmusea.
6. Planen skal vera Jærmuseet sitt innspel til samordning av privatarkiv arbeidet gjennom Statsarkivet i Stavanger.

### Fellestiltak

1. **Delta i faglege museumsnettverk** med prosjekt som dekker ein eller fleire avdelingar i museet. I planperioden skal Jærmuseet vera med i nettverk innan Bygg, Kulturlandskap, Litteratur, Luftfart, Samtid, Teknologi og industri og Vitensenterforeninga.
2. **Privatarkiv og fotovernarbeid** Vera ein pådrivar i fellesprosjekt innan fotoarbeidet gjennom Fotonettverk Rogaland. Gjennom dette nettverket skal museet også samarbeida med institusjonar innan arkiv og bibliotek om enkelprosjekt eller fellesprosjekt. Jærmuseet er med i Landslaget for privatarkiv (LLP) og er aktiv i Fotonettverk Rogaland der 13 museum og arkivinstitusjonar er med.
3. **Privatarkiv og fotosamlingar** Nærings- og samfunnsliv på Jæren er i rask omforming. Spesielt innafor tradisjonell industri og jordbruk forsvinn bedrifter og verksemder med til dels lange tradisjonar. Det er difor viktig å prioritera innsamlinga innafor dei tema museet dekker.

- 4. Rekvisittar og referansesamling til formidlingsbruk.** Laga samla plan for kva som trengs på dei ulike avdelingane, i samsvar med vedtatte formidlingsplanar.
- 5. Takpanner i Rogaland** – ei prosjekt som har til mål å identifisera takpanner frå dei ulike teglverka i Rogaland som produserte takpanner frå 1784 til om lag 1960. Prosjektet blei i gang satt i 2009 då bygningshandverkaren starta systematisk fotografering av pannene som ligg på våre kulturhistoriske bygningar. Målet er sikker identifisering for å vedlikehalda taka med lokalproduserte panner. Dette prosjektet dekker både bygningsvern og industrihistorie og femner alle avdelingar.

## Vitengarden (VG)

### *Gjennomførte tiltak frå førre planperiode:*

**Norgesgarden** – eit dokumentasjonsprosjekt som blei avslutta med ein fagfellevurdert artikkel, forvaltningsplan og formidlingsplan for Audamotland. I tillegg ligg det her ein mal som kan danna grunnlag for forsking og dokumentasjon av dei andre gardsanlegga til museet.

**Samtidskoden** – blei gjennomført i 2011 – 2013. Her var målet å finna ein metode for dokumentasjon av endringar i kulturlandskapet. Jærmuseet deltok med prosjektet "Stein e' kje berre stein". Arbeidet er publisert i ein fagfellevurdert artikkel i Heimen.

**Vindkraft** Innsamling av data om historisk bruk av vindkraft i tilknyting til nettutstillinga som blei opna i desember 2011.

**"Formidling av mat, måltid og matproduksjon"** - *Utstillingsprosjekt* med tre hovudmål: Å laga ein plan for vidareutvikling av utstillingane om mat og matproduksjon ved Vitengarden, bli meir samtidsretta og få nye interaktive stasjonar. Å undersøke korleis Vitengarden kan bli ein god møteplass for bønder, matindustri og forbrukarar. Å undersøke korleis kulturinstitusjon, matindustri og undervisingsinstitusjonar kan samarbeida i formidling mot barnehagar, skuleklassar, studentar og andre elevgrupper.

Plan for vidareutvikling av utstillingane blei ferdigstilt hausten 2012.

**Supplering av info til samlingane** Ordning og informasjonsinnsamling skal kombinerast under arbeidet med privatarkivsamlingane. Kverneland ASA sine samlingar er gjennomgått og ordna. Her har tidlegare reklamesjef Svein Gaute Oftedal vore ein viktig medspelar i

ordningsarbeidet. I samband med utflytting frå fabrikkанlegget på Frøyland gjennomførte museet befaringar og intervju med pensjonerte tilsette i 2015-2016.

**Revisjon av samlingane** Traktorsamlinga er blitt gjennomgått og i 2015 opna ei utstilling av 26 traktorar på Vitengarden. Utstillinga er også publisert som nettutstilling på Digitalt museum.

### **Tiltak i planperioden**

I planperioden vil ein prioritere innsamlingsarbeid i tilknyting til prosjekt innan formidling, forsking eller dokumentasjon. Tiltaka er knyta opp mot utstillingsplanen «Formidling av mat, måltid og matproduksjon» som blei laga i førre periode. Dei er lista opp nedanfor.

1. **Ei gjødsla historie.** I samband med utvidinga av stallen på Kvia 4H-gard er det bygd eit rom til formidling av gjødsel, gjødselbruk og biogass. Fleire reiskapsprodusentar på Jæren har laga utstyr til handtering av gjødsel. Gjennom prosjektet vil ein få ein oversikt over produsentar og produkt, gå gjennom samlingane og lage ein plan for kva museet bør skaffe. Utstillinga vil bli opna tidleg i 2017.
2. **Levd liv i heia, før og no** – Eit samtidsprosjekt som dokumenterer dagens ordning med heiesjefar som organiserer sommarbeite for sauene i Hunnalen, Sirdalen og Setesdalen. Bøndene på Jæren og i Dalane byrja denne tradisjonen i 1840-åra. Sjølv om det har vore vanleg å utnytte fjellbeita også i andre delar av landet, er ordninga med heiesjefar unik for dette området. Prosjekt 2015 – 2017, resultat film og utstilling.
3. Prosjektet med arbeidstittel **Poisoning Jæren. Endocrine disruptive pesticides and herbicides in practices and personal scripts among farmers at Jæren** er eit delprosjekt i forskingsprosjektet Deadly Dreams, leia av Universitetet i Agder. Museet vil nytta materiale frå samlingane og supplera dette med nyinnsamling.
4. **Studiemagasinet** I løpet av planperioden skal det lagast ein plan for nytt innhald i studiemagasinet, ref. Formidlingsplan. Dette arbeidet vil gje oversikt over reiskapsprodusentar på Jæren og kva museet sit inne med av gjenstandar og arkivmateriale innan dette feltet. Med bygging av studiemagasin i 2017, vil dette prosjektet kunna realiserast i denne planperioden.
5. **Supplering av info til samlingane** Ordning og informasjonsinnsamling skal kombinerast under arbeidet med følgjande privatarkivsamlingar: Br. Hetland. Hausten 2016 blei 140 hm flytta til museet sitt magasin.

## Vitenfabrikken (VF)

Vitenfabrikken vil i denne planperioden opna nye byhistoriske utstillingar. Nye prosjekt vil inngå i utviklinga av utstillinga.

### *Gjennomførte tiltak frå førre planperiode:*

**Figgjo AS** I 2013 laga me filmen «Pisa og felt» - ein dokumentasjon av produktutvikling i Figgjo AS. Filmen blir vist i Vitenfabrikken. I 2015-2016 gjennomførte me prosjektet «Designmodellar frå Figgjo i KulturNAV». Gjennom prosjektet blei 100 av Figgjo-servisene dokumentert og publisert i den nasjonale museumsdatabasen, samtidig som denne infoen er lagt til rette for bruk i andre museum o.l.

**Det ska svara seg ...** Utstilling som opna i 2013. Rammefortellinga tar utgangspunkt i Sandnes by si historie og regionen si industrihistorie.

**Ferdighus** Museet samarbeidde med Bjørn M. Stangeland om boka «Tilbakeblikk & endringar. En historie om Block Watne og ferdighusindustrien». Utgitt som Jærskrift 5 i 2012.

### *Tiltak i planperioden*

Hausten 2016 er renoveringa av Solavegen 10 fullført. Her er det nye utstillingslokale til skiftande og permanente utstillingar. I planperioden vil innsamlingsarbeidet måtta kombinerast og tilpassast eit omfattande utstillingsarbeid.

1. **Møbelindustrien** Kombinert innsamlings- og utstillingsprosjekt i 2016 – 2017.  
Innsamlinga vil ha som mål å møblera møllemesterbustaden i tillegg til bevaring av eit utval unike møbler frå lokal produksjon.
2. **Jonas Øglænd** – i 2018 vil 150 års jubileet frå oppstartingen av firmaet bli markert med utstilling, og samlingane vil bli supplerte innan den tid.
3. **Sandnes** – «Porten til Jæren» Byen ligg i møtet mellom sjøtransport og landtransport. Import av innsatsvarer og eksport av ferdige produkt, var like viktig som persontransport. Kommunikasjonsknutepunkt for båt, hestetransport, bil og jernbane. Innsamling og dokumentasjon rundt dette temaet blir viktig for utviklinga av nye utstillingar.

4. **Figgjo AS** Forsking og innsamling vil fortsetta. I 2017 skal to vitenskaplege artiklar om profesjonalisering i bedrifter publiserast.
5. **Supplering av dokumentasjon til samlingane** Museet prioriterer ordning og informasjonsinnsamling av fotosamlingane i bedriftsarkiva til Jonas Øglænd, Sandnes Aducerverk og Figgjo AS.

## Tungenes fyr (TF)

Tungenes fyr planlegg utvikling og bygging av maritimt vitensenter «Vitenvågen» som skal formidla Kystverket si historie og samtidige aktivitet, havbruk og maritim industri.

### *Gjennomførte tiltak fra førre planperiode:*

**Kystreisa 2014** – Internett basert utstilling som blei publisert i 2014.

### *Tiltak i planperioden*

I planperioden vil det vere behov for tilvekst til og revisjon av samlingane i forbindelse med forskings- og fornyingsprosjekt. Dei prioriterte oppgåvene vil vere følgjande:

1. **Historia til Sjøtrafikksentralane** Tungenes fyr har eit nasjonalt ansvar for å dokumentera historia til Sjøtrafikksentralane. Avdelinga har samla ein del historisk utstyr, men treng meir gjenstandar og arkivmateriale for å få eit meir fullstendig oversyn over denne delen av Kystverket si verksemd.
2. **Nyare loshistorie i Rogaland** Tungenes fyr har også eit nasjonalt ansvar for å dokumentera loshistorie. Denne historia er nokså därleg dokumentert, og på kortare sikt vil det ikkje vere mogleg å dokumentere heile den norske loshistoria. Prioritert geografisk område og tidsperiode i planperioden er Loshistorie i Rogaland etter andre verdskrigen. Jærmuseet har noko privat arkivmateriale frå denne perioden, men ingen gjenstandar. Det vil vera aktuelt å få oversyn over materiale i Kystkultursamlinga i Tananger og i offentlege arkiv.
3. **Tungenes fyr** Historia til fyret er delvis dokumentert, men det er framleis mykje informasjon som ikkje er samla. Det er samla ei rekke gjenstandar til fyret, men berre eit fåtal av desse er autentiske. Gjenstandane er i stor grad rekvisittar. Det vil vere

aktuelt å innhente gjenstandar frå Kystverket eller frå familiar som har budd på Tungenes fyr.

4. **Maritimt vitensenter** I det framtidige maritime vitensenteret vil ta føre seg ein del, for Tungenes fyr sin del, nye tema, m.a. moderne havbruk og maritim industri. Dette krev nye gjenstandar. Ein innsamlingsstrategi bør formulerast i løpet av planperioden.
5. **Revisjon av Sjøbruks- og motorsamlinga** I samband med fornying av Sjøbruksutstillinga og flytting av gjenstandar frå Randaberg sitt museumslager på Viste vil det bli gjennomført ei revisjon av både Sjøbruks- og motorsamlinga.

## **Garborgsenteret (GS)**

### ***Gjennomførte tiltak frå førre planperiode:***

Garborgheimen og Knudaheio gjekk formelt inn i Jærmuseet som del av Garborgsenteret våren 2012. Bygningar og innbu tilhøyrar Time kommune. Innbuet i Garborgheimen og Knudaheio er del av det kommunale Time Bygdemuseum sine samlingar. Desse er ikkje blant samlingane Jærmuseet forvaltar. Men største del av desse samlingane blei elektronisk registrerte og fotografert frå 1992 – 1999, i samråd med Jærmuseet. Museet har kopi av database, papirutskrifter og registreringsfoto (negativ og papirkopiar). Det er 2650 nummer i databasen. Garborgsenteret nyttar samlingane etter behov.

### **Tiltak i planperioden**

**Samlingsoversyn** Det pågår forhandlingar om konsolidering av Time bygdemuseum inn i Jærmuseet. Dersom det blir gjennomført vil Time bygdemuseum sin database bli lagt inn i Primus. I tillegg registrera resten av gjenstandar og anna materiale knyta til Garborgheimen og Knudaheio.

## Flyhistorisk Museum Sola (FMS) og Rogaland krigshistorisk museum (RKM)

Arbeidet med å samlokalisera FMS og RKM i Sømmevågen går framover. Sola kommune har kjøpt inn areal, inklusivt bygningene som gjør det mulig å flytte utstillingene til RKM hit i 2017. Men samlingene i dei to musea har kvar si stifting som eigar og kvar si venneforening som vår samarbeidspart om drifta.

Det pågår forskingsprosjekt knyta til både fly og forsvarshistoria knyta til Sola. Når det gjeld innsamling, så vil det bli vedteke eigne innsamlingsplanar for kvar av desse einingane.

### Flyhistorisk Museum Sola (FMS)

#### *Gjennomførte tiltak frå førre planperiode:*

- Avklara tema og profil for formidlinga på anlegget.** Vurdera behov for innsamling ut frå dette. Arbeidet med dette punktet blei påbegynt i 2014. Då blei det skrive framlegg til ein omfattande utstillings- og innsamlingsplan. Planen har sidan vore under vurdering og drøfting med Stiftinga FMS.

#### *Tiltak i planperioden*

1. Få vedteke ein omforent utstillings- og innsamlingsplan for FMS.

### Rogaland krigshistorisk museum (RKM)

Ein bygning i Sømmevågen er under oppussing og tilrettelegging for utstilling. Arbeidet med utstillinga starta i 2016.

#### *Tiltak i planperioden*

- Andre verdskrigene – Utstillings – og innsamlingsprosjekt 2016 - 2017**
- Avklara tema og profil for formidlinga på anlegget.** Vurdera behov for innsamling ut frå dette.

## Museumsgardar med bygdesamlingar

Dei lokale bygdemusea har mange fellestrekke. Det er gardsbygninga som ligg i sine opphavlege kulturlandskap. Dei har såleis også særtrekk. Dei høyrer heime i bygder med ulik næringshistorie t.d. Vår oppgåve er både å vedlikehalda og formidla samlinga av gjenstandar, foto og tradisjonar på desse anlegga, samt å få fram særtrekka på det enkelte anlegget. Ei vidare innsamling vil vera avgrensa til utfylling og dokumentasjon av desse historiene.

### Vistnestunet og Randaberg Bygdemuseum

Vistnestunet er ein autentisk kystgard med eit typisk gardsmiljø frå slutten av 1800-talet. Tunet er omgitt av ressursane randabergbonden hadde til rådvelde; dyrka mark med lynghei og sjøen. Heimahuset (1874) er i dag delvis innreidd med miljøutstilling av gjenstandar samla inn i Randaberg. Randaberg kommune eig 30 daa dyrka mark rundt tunet. Jæren Friluftsråd forvaltar skog og lyngheimområde ved Vistnestunet.

### Limagarden og Gjesdal bygdemuseum

Eit autentisk gardsbruk som ligg med utsyn over Limavatnet i Gjesdal kommune. Bygningane er frå 1800 – 1939. Garden var i drift til om lag 1980 og ligg i eit kulturlandskap prega av beite. Det har aldri vore traktor på Limagarden. Jærmuseet disponerer bygningane, tunet og delar av marka. Samlingane til Gjesdal Bygdemuseum er registrerte og blir dels utstilt på Limagarden, dels ligg dei i ulike magasin. Jærmuseet tar sikte på å reindyrka preget av Limagarden som eit førmekanisert gardsbruk i første del av 1900-talet. Arbeidet med sauene stod sentralt. Gjesdal var kjend som ei handverksbygd på 1800-talet.

### Grødalaland og Hå bygdemuseum

Her er husa med hage på to av brukena bevart på sin opphavlege stad, mens innmark og utmark tilhøyrar dei andre brukena på garden og er i moderne drift. Grødalaland er ein sjøgard. Bygningsmaterialar og bygningsdetaljar har mange minne etter dramatiske forlis- og redningshistoriar. Dei to heimahusene har miljøutstillingar som syner korleis folk budde rundt 1850 og 1920.

### Tiltak i planperioden

#### 1. Munnlege minne – Innsamling av minne knyta til dei historiske gardane

## **Haugabakka og Klepp bygdemuseum**

(Klepp bygdemuseum) ligg i eit bustadområde i Klepp. Anlegget består av eit jærhus frå 1852 og eit folgehus ("Sandneskasse") frå 1906. Jærhuset har tidlegare vore nytta som skule, lærarbustad og kommuneadministrasjon. Fram til 2013 har huset romma miljø- og gjenstandssamling og skiftande temautstillingar. Nå blir huset brukt til skiftande kulturhistoriske utstillingar.

### *Tiltak i planperioden*

- 1. Mannleg husflid på Jæren – Utstilling i 2017**
- 2. Innsamling i samband med utstillingstema i 2018 og 2019**

## **Varden sjøredningsmuseum**

ligg på området til Ogna camping. Museet vart oppretta for å dokumentera og ta vare på utstyret til redningsstasjonane på Jæren. Hovudgjenstanden i utstillinga er redningsbåten "Tryg". Utstillinga formidlar forlis- og redningshistoria på Jæren.

### *Tiltak i planperioden*

- 1. Munnlege minne – Innsamling av minne knyta til redningsarbeidet på Jæren**

### **Vedlegg 1 - Tilbod om gåver til Jærmuseet med kontaktskjema**

### **Vedlegg 2 - Mottak av gåver til Jærmuseet**